

REFERAT – FAU MØTE

30.09.2025

Møterommet i 2. etg. Moster skule

Agenda:

- **Val av styre**

Leiar: Tor Øystein Totland Røyrvik

Nestleiar:

Skrivar: Marianne Hollund Espeland

Kasserar:

Styremedlem:

Styremedlem:

Representantar SU/SMU: Leiar og Nestleiar

Tidlegare kasserar: Tonje Stavland. Joakim pratar med Merete og henne.

- **Idémyldring for bruk av pengegåve frå Finnås Krafflag – Sum: 31500,- Nok.**

Kan brukast inn til å dekkja dei utgiftene skulen har hatt for nye matter under reilene og på sand under klatrestativet.

Konklusjon: Sende inn pengane til skulen som dekking av delar av summen på mattene under reilene + kjøpa inn 3 myggar til skulen. Skulen finner ut pris på myggar ca. 3500,- per stykk?!

- Eventuelle andre innspel frå de

Info frå skulen: Me har 280 elevar i år, og kan henda så kjem det 2 nye elevar til i januar, mot 307 i 2024/25. Har gjennomført Storforeldremøte 03.09.2025. Klassemøter i alle klassar er gjennomført. Nasjonale prøvar i 5., 8., 9. trinn er gjennomført. Skulen har opna nytt bibliotek, noko som har auka leseglede. Skyssrettigheiter er endra grunna ny veg som er opna til Mosterhamn. Veke 40 er TV-Aksjonsveke – Open dag på torsdag 02.10.2025. I fjor under TV-Aksjonen så samla Moster skule inn 154 123,- nok. Me blei og kåra til Årets Eldsjel av NRK TV-Aksjonen i 2024. Skulen kjem til å ha fokus på lesing, aktiv læring og har inngått ein avtale med GeoPark Sunnhordland. Skulen verkar kanskje meir harmonisk enn på lenge, og me håpar på at dette held seg i åra framover. Det er ein flott gjeng elevar me har på skulen.

Vegskilting – Vikeplikt utanføre skulen.

Vedlagt finner de:

- Referat frå siste møte i vår
- Utklipp frå gåve tildelinga frå Finnås Kraftlag
- Liste over roller som må fyllast i FAU-styret

Ref. JoLund